
Saksnr: 2020/61764-1**Saksbehandlar** Åge Avedal**Dato:** 18.08.2020

Til: Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Frå: Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering

Notat frå Deloitte - Kontroll av ein tilskotsmottakar - UngVest

Deloitte har på oppdrag frå Vestland fylkeskommune, Avdeling for kultur, idrett og inkludering, gjennomført kontroll av ein tilskotsmottakar, UngVest. Oppdraget vart bestilt 11. mars 2020 og notat frå Deloitte vart oversendt fylkeskommunen 17. august 2020.

UngVest hadde fram til 2017 namnet Hordaland barne- og ungdomsråd (HBUR) og er ein nettverksorganisasjon for barne- og ungdomsorganisasjonar i regionen.

UngVest / HBUR har fram til 2019 fått driftstilskot frå Hordaland fylkeskommune. Føremålet med kontrollen har vore å undersøke om tilskotsmottakar har ei organisering, drift, samt system og rutinar som sikrar at tilskotsmidlar blir nytta i samsvar med føresetnader og krav som er knytt til tildeling av tilskot. Det er i hovudsak to problemstillingar som har blitt undersøkt:

1. Har selskapet ei drift som er i samsvar med tilskotsgjevar sine føresetnader for tildeling av tilskot?
2. Har organisasjonen ei tilfredsstillande økonomistyring?

Oppdraget er gjennomført av Deloitte i tidsrommet mars til juli 2020.

Notatet er lagt ved.

Fylkesdirektør vil kome attende til vidare handsaming av saka.

Vedlegg

- 1 Oversending av notat (e-post)
- 2 Oversendingsbrev - kontroll av tilskotsmottakar - UngVest
- 3 Notat - kontroll av tilskotsmottakar UngVest (u.off, jf. offl. § 13, jf. fvl. § 13 1. ledd nr. 1 om personlege forhold)